

# Nokre stadnamn, særleg gardsnamn – og litt om dialekt

Av Ivar Berg

Stadnamna våre er både kulturminne og historiske kjelder som fortel om eldre tider og folk på ymse vis. Særleg viktige er gardsnamna, som fortel om busetjingshistoria. Dessutan er stadnamna nært knytte til dialekten vår og ein viktig del av språkhistoria.

Folk set namn på plassar ikring seg når dei treng det, men namna har ulik utbreiing. Mange namn på teigar og åkerlappar er knytte til garden og lite bruka av andre folk. Etter utskiftinga ikring 1900 har mange slike namn forsvunne for alltid. Avviklinga av sæterdrifta og mindre bruk av utmarksslåttene har hatt same utslag, fordi ingen lenger brukar – eller har bruk for – desse namna. Historielaget organiserte ei innsamling av stadnamn i Medalen på 60-talet og fann over 7000 namn, så det har sikkert funnest enda nokre tusen tidlegare. Det var naturlegvis ikkje 7000 unike namn, det finst vel f.eks. minst eitt *Gjerde* på kvar gard.

Eg skal konsentrere meg mest om dei eldste namna, der ein ikkje så lett ser opphavet og kva dei betyr lenger. Hovudkjeldene er eit stykke av Jørn Sandnes i bygdeboka og storverket *Norske Gaardnavne* (forkorta NG), bygd på innsamlingar i 1880-åra, med oppføring av kvar einaste matrikelgard i Norge med forslag til tolking. For å tolke namn må ein kjenne dialekten og naturforholda på staden, og dersom namnet finst skriftfest i mellomalderen, er det til god hjelp. For språket endrar seg, og namna følgjer med, som vi skal sjå fleire døme på etter kvart.

## Dei eldste namna

Mengda av usamansette elve- og bekkenamn er noko som kjenneteiknar Medalen og Rennebu i norsk samanheng. Desse er blant dei aller eldste stadnamna, som ein ser mellom anna ved at elver har gjeve namn til dalar og plassar, f.eks. *Orkdalen* til *Ork* (eldre namn på *Orkla*). Ein del slike namn er no forsvunne, og kjem berre fram i namn som er laga til dei. Mange bekker kan ha fått nye namn med tillegga *-åa* eller *-bekken*, som er typisk for yngre namn.

Alderen på elve- og bekkenamna i Medalen gjer òg at tolkinga mange gonger er uviss. *Messa* og *Vigda* er for eksempel uforklarte. Men andre er greie, som at *Føssa* kjem av *foss*. Mange krev kjennskap til eldre språk: Både *Grøta* i Midtbygda og *Gryta* ved *Grut* heng saman med gammalnorsk *grjót* ‘stein’; når ein veit koss det ser ut der *Grøta* kjem ned i bygda, er det naturleg nok. *Skjerva* heng saman med *skarv* ‘naken fjellgrunn’ og viser til steingrunn eller steinut elvefar. *Resa* kjem av eldre *Reisa* (det er karakteristisk for medalsmålet at *ei* har vorte til *e*), som heng saman med verbet *rise* ‘stige’ og kanskje viser til at ho kan stige i

vårflaumen. *Jøla* betydde opprinneleg ‘kløftelva’, og namnet heng saman med eit *gjel*. *Vaula* mellom Hostovatnet og Ringavatnet (òg gardsnamn) og *Vaulen* ved Garberg betyr ‘vad’, ‘som er lett å vada’. Gardsnamnet *Dombu* er truleg eit gammalt namn på bekken som rinn forbi (no *Lusa*); elvenamnet finst andre stader (Dovre, Grue, Nordre Land) og betyr ‘den rolege’, ‘med dump lyd’.

Kjem vi til gardsnamna, er det helst slik at dei eldste namna er stutte og usamansette namn som fortel om naturforholda. Mange av desse er lette å skjønne, som *Ås*, *Voll*, *Lund* (‘skogholt’), *Sten*, *Å*, *Foss* og mange fleire. Forskjellen mellom *Foss* og *Fossen* er eit spørsmål om alder, det er typisk at dei eldste namna som *Foss* har ubestemt form, dei litt yngre som *Fossen* bestemt form. Men ein del namn kjem av ord som har forsvunne frå språket og ikkje gjev same meining lenger: *Kvam* viser til ei innsnevring i ein dal, *Lo* betyr ‘naturleg eng’ (same namn som bygda *Lom* i Nord-Gudbrandsdalen), og *Fitjan* er fleirtal av gammalnorsk *fit* med omtrent same betydning (*fet* betyr ‘grasvoll’ i mange dialektar framleis, men ikkje hjå oss). *Hol* betyr ‘liten, frittståande haug’; den gammalnorske forma *hóll* er skyldt med *hváll* med same betydning som har gjeve det vanlege namnet *Kvål(e)*. *Re* er derimot ikkje sikkert tolka, sjølv om namnet finst fleire stader i Noreg. Både *Re* i Medalen og andre gardar med namnet ligg på tydelege grusryggar, og namnet kan hengje saman med *ra(d)* og vise til den avlange fasongen på desse ryggane.

Namneelement *øy* finst i gardsnamna *Laksøy* (og *Laksøybygda* etter garden), *Skjervøy*, *Volløya* og *Øverøy*. No betyr *øy* ‘omflødd land’, men før var det bruka om ‘frodig jord langs vatn’. Denne bruken finn vi òg att i mange teignamn: Langsmed elva er det flust av namn på *-øy*. Somstad kan det kanskje ha vore *øy* i moderne forstand, der elva har skifta løp slik at *øya* ikkje er omflødd lenger, men mange stader er det nok den gamle betydninga. *Laksøy* har vel heller ikkje noko med *laks* å gjera, det har neppe gått så mykje laks opp i *Laksåa* at det har gjeve namnet. Førsteleddet er heller *lag* ‘fiskeplass’.

Eit namn som var uforståeleg for dei som skreiv *Norske Gaardnavne*, er enkelt for ein medaling: *Stoin* på Å har namn etter ein *stoe* ‘foss’ i Resa. Ordet *stoe* er vanleg i grensestroka mellom Nordmøre og Sør-Trøndelag og viser til ein foss med loddrett fall og gjerne ein høl nedanfor. Ei anna misforståing i NG er forklaringa av *Storsten* på Løkken som ‘stor-stigen’: Det ligg ein stor stein som eit landemerke ved garden, og namnet kjem nok av det – segna om Ena som kasta steinen frå Einarshåmmåren skal ein likevel ikkje ta så alvorsamt. Men eit tilsynelatande liknande namn er *Gjetsten* i Laksøybygda, som sikkert nok kjem av ‘geit-stigen’. Same namnet finst i andre bygder.

Ein del namn som kan vera vanskelege å tolke frå dagens uttale, blir forståelege når ein ser på gamle skriftformer. Mange gardar i Medalen er første gongen nemnde i *Aslak Bolts jordebok*. Det er ein oversikt erkebispem i Trondheim fekk sett opp over eigedom som høyrde til kjerka på 1430-talet. Der finn ein mellom

anna forklaringa på *Sølberg* og *Resell*. *Sølberg* kunne ein tenkje seg hadde samanheng med *sol*, for garden ligg høgt og solvendt. Men i 1430 heitte han *Seljuberg*, og har altså fått namnet sitt fordi det voks selje der – andreleddet *berg* er forståeleg, for det er bratt til gards. *Resell* har forma *Reishiellom* i jordeboka, der førsteleddet er elva *Reisa*, andreleddet er *hjell* ‘flat avsats i ei li’, ‘terasse’. Eit litt mystisk namn er *Maum*, som truleg kjem frå gammalnorsk *mǫðum/maðum*, dativ fleirtal av eit ord som betydde ‘våt eng’. (I gammalnorsk vart *ǫ* uttala omtrent som vår *å*, *ø* som *th* i engelsk *this*.) Garden er kalla *Madum/Modum* i 1590, og det passar med denne tolkinga. Men skrivemåtar frå dansketida er langt frå alltid til hjelp, for dei er ofte tilpassingar til dansk språk. Første gongen *Stoin* er nemnt i kjeldene, er garden kalla *Stoffuehamb* (1631), som må vera ei forvansking av dativforma (*på*) *Stoam*.

Mange gardsnamn er samansette med faste andreledd som har vore reine moteord i si tid. To slike namneklassar er *vin*-namn og *heim*-namn. Desse er vanlegvis gamle, oftast frå før vikingtida. Vi har berre eitt namn av kvar type: *Snoen* er litt usikkert tolka som ‘snø-vin’, der *vin* betyr ‘naturleg eng’, medan *Solem* kjem av *Sol-heim*. Dessutan finst det eit teignamn *Ramsemmen* under *Nedstuggu å Ofstom*, og namnet kan vise til ein gammal gard som har vorte nedlagt. Tidlegare fanst det òg ein gard *Hamrem* (nemnt på 1600- og 1700-talet) med førsteleddet frå *håmmår*, som seinare kom under *Skjøtskift*. I motsetning til alle naturnamna vi har vore innom, er *Skjøtskift* eit kulturamn som fortel om ferdsel – det betyr ‘skysstasjon’, og garden har vel vore skysstasjon der farande folk kunne skifte hestar.

Ein namneklasse som har vore populær her i bygda, er *-stad*. Slike namn var populære fram til 1000-talet, og dei er ofte samansette med mannsnamn, truleg namnet på mannen som rydda garden. Men nokre av dei eldste er laga til elvenamn, som *Systad* til *Sya*. Mange av *stad*-namna har no ei form som gjer det vanskeleg å sjå opphavet, men fleire er omtala av Aslak Bolt i ei meir gjennomsiktig form: *Awalzstad* har vorte til *Ofstad*, *Greipstad* til *Grefstad*, *Hildulfstad* til *Hilstad*. Kanskje er det òg eit *-stad*-namn etter ei kvinne: *Hollstad* kan vera frå kvinnenamnet *Halla*. Ein del av desse namna er tekne inn i medalssongen, der det heiter: «Rig på Rigstom, Jarpr Jerstom / jutulkarar er det sagt; / Hildulf Hilstom, Kjarke Kjerstom / ha vel også mot og makt.»

På gammalnorsk var dette fleirtalsord (slik dei framleis er på islandsk) og slutta på *-staðir*, dativ *-staðum*. Dativforma kjenner vi att, for det heiter *-stom* i t.d. *på System*, *Kjerstom* osv. Desse namna har fått uttalen *-sto* hjå oss. Fordi dativforma er så vanleg i namn, har det skjedd ei omtolking her, slik at grunnforma har vorte *-sto*, der *-m*-en som er typisk for dativ fleirtal er teken bort. Tradisjonelt har desse namna hatt bestemt form på *-n* og heitt *Syston*, *Kjerston* osv. Det er elles typisk trøndersk at me gjev alle namn bestemt form, og alltid som om dei var hankjønn. Det heiter til og med *Garbergen* og *Laushusen* (på Medalsskogen, skriftforma

*Lodhenshus* i *Aslak Bolts jordebok* viser at førsteleddet kjem av mannsnamnet *Loðinn*), sjølv om det er *eit berg* og *eit hus*. Men eg trur nok at desse formene på *-n* er mindre bruka i dag.

Men eitt namn som blir skriva *-stad*, har heilt annleis uttale: *Kalstad* heiter *Kalste* utan eiga dativform, så det kan ikkje vera eit gammalt *-stad*-namn som dei andre. NG føreslår at siste delen av namnet kjem frå *støð* 'stø', 'båtplass'. Førsteleddet kan koma av verbet *kalle*, slik at namnet ein gong var *Kallaðarstøð* og viste til at dei som kom ned vegen frå Medalsskogen kunne kalle på båt over elva her. Liknande namn finst ved gamle ferjestader andre plassar i landet.

### **Yngre namn**

Dei namna som har kome til dei siste 500 åra eller så, er vanlegvis greie å forstå. Husmannsvesenet voks fram frå 1600-talet, og plassane har gjerne namn som viser at dei er utskilde frå hovudgarden: *Gjerdet*, (*Kalv*)*håggån*, *Lykkja* m.fl., eller dei har namn etter naturforholda: *Haugen*, *Bakken*, *Øya*. Skulle slike namn brukast utom garden, vart dei merka ut anten med hovudgarden eller namnet på husmannen som rydda plassen først. Frå 1600-talet førte busetjinga i samband med gruve drifta på Løkken til nye namn, som vanlegvis er enkle å forstå. Eitt av desse er *Raudbekken*, det nye namnet på *Lauvåa*. Namneskiftet kunne ikkje skje før gruveforureininga hadde gjeve bekken den karakteristiske raudfargen. I dag er særleg jaktlaga aktive med å setje namn i utmarka. Desse kan vise til svært spesifikke plassar, som ein fast elgpost, og dei får oftast ikkje nokon stor brukarkrets. Eit namn som *Vedbrottan* viste først til ein stad der det var vedbrottar, men når det kan brukast sjølv om det er mange år sidan det var ved der, har det gått over til å bli eit stadnamn.

Som nemnt forsvann mange teignamn som følgje av utskiftinga, men kvar gard har framleis mange slike. Ofte er det dei same, for dei blir berre bruka på garden og er eintydige i sin litle brukarkrets. Såleis har dei fleste gardar eit *Gjerde*, ein *Mo* og ofte eit *Nyland*. Men teignamna kan òg vera historieberarar: På Lo finst det ein *Kjerkteig* som minne om at «her ei kjerke stod», som medalssongen nemner; og «dei skrivne bispeorda» songen viser til, er eit notat frå 1530-åra om at «Los kapell» skal betale 1 øyre i kjerkeavgift ( $\frac{1}{3}$  av det medalskjerka betalte).

### **Dialekt**

Stadnamna kan somtid halde på eldre former som elles er forsvunne i dialekta. Vi snakkar om *hanekammen* på hønsefuglar av hankjønn, men *Hånnåkammen* er eit kjent stadnamn. Tidlegare vart hanen kalla *hånnå*, akkurat som det heiter *måsså*, *ståggå*, *hårrå* osv. Det er knytt ei segn til dette stadnamnet, men det viser nok helst til ein terrengformasjon som stikk opp eller fram; namnet *Hånnåkammen* finst i Stjørdal, og *Hanekammen* mange stader i landet der Moss Mossbrunna aldri var med hanen sin. Andre namn som har halde på ei gammal form er *Holia*

(på System) og *Hokollen* (Sten og Mossbronn). Her betyr førsteleddet ‘høg’, gammalnorsk *hár/hór* (jf. f.eks. *Hå* på Jæren); forma *høg* har vi fått frå svensk seinare.

Både *Drågset* og *Druglia* på *Drogsetmoen* har truleg namn etter same bekken – *Druggu*. På gammalnorsk heitte denne bekken *Draga*, i bøygd form *Drøgu*, og på den tida fekk *Drågset* namnet sitt. Namn på *-set* er stort sett frå vikingtida. Omtrent på 1400-talet endra namnet på bekken seg til *Druggu*, og så fekk *Druglia* namnet sitt. Det same gjeld *Druggudal* til ei anna *Druggu* på Å. Ei tilsvarande språkending gav oss forma *snurru* ‘snare’, og både *Snurruåsen* på Løkken og *Snurrulia* i Sæterdalen har truleg vore plassar der det vart drive snarefangst.

Til slutt skal eg ta opp to dialektfenomen som er særprega for eit nokså lite område på Nordmøre og i Sør-Trøndelag. Det første er preposisjonen *å* som vi brukar mellom bruksnamn og gardsnamn: sjølv er eg frå *Segard å Re*, og det heiter *Oppigard å Rikstom*, *Søstuggu å Lo* og liknande. Utom denne bruken i gardsnamn finst *å* i ein del faste uttrykk, som *dett att å bak* ‘dette på ryggen’. I all annan bruk er denne preposisjonen erstatta av *på*, som opprinneleg var ei samansetjing: *opp å*. Bruksnamn på *-gard* eller *-stuggu* er oftast resultatet av oppdeling av eldre gardar under folketalsveksten på 1500- og 1600-talet (nokre få er eldre). Somtid har det vore fleire oppdelingar, og på Grut er det både ein *Oppisegard* og ein *Utisegard*.

Medalsmålet høyrer med til dei norske dialektane som framleis har dativ. Saman med Rennebu, Oppdal, Rindalen og Surndalen har vi dessutan nokre restar av genitiv i gardsnamn. Det gjer at ein del gardsnamn kan ha tre bøyingsformer, der den eine (genitivforma) opptrer i samansetjingar og etter preposisjonen *te*. Martin Foss skreiv ei lite historie om ein busstur gjennom bygda der han tok med ulike bøyingsformer av mange stadnamn. Eg kan ta *Stokkanj* som eksempel: Du er *på Stokkom*, men reiser *te Stokk*, og det finst samansetjingar som *Stokk-bakkanj*. Andre slike eksempel er *te Hilsto*, *te Stens*, *te Båggåvolls* og *te Lunda*. (Her er det *-a*, ikkje *-s*, fordi den gammalnorske genitivforma var *til Lundar*). Men som med mange andre gamle dialektformer, er nok heller ikkje desse så mykje bruka lenger.

## Kjelder

Martin Foss, *På me'dalsmål*, 2004.

Oluf Rygh m.fl., *Norske Gaardnavne* band 14, 1901. Internett: [http://www.dokpro.uio.no/rygh\\_ng/rygh\\_felt.html](http://www.dokpro.uio.no/rygh_ng/rygh_felt.html) (søk på «Meldalen» i feltet «Herred»).

Jørn Sandnes, *Stadnavn i Meldal, Meldal bygdebok* band 1, 1968.

Ola Stemshaug, Gno. \**stóði* – lokalitetsappellativ, gardsnamn og bygdenamn. *Maal og Minne* 1968.

Ola Stemshaug, Nokre elvenamn i Orklavassdraget, *Innsikt og utsyn. Festskrift til Jørn Sandnes*, 1996.